



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2016-2017

Vestbygd skule

<i>Nøkkeltal GSI .2016-17</i>		
	Tal	Evt. kommentar
Elevtal skule	186	
Elevtal SFO	76	
Tal lærarar	24	Inkl. rektor/inspektør
Årsverk ped. Personale	19,22	
Assistentar, årsverk	3,37	Berre skule
Årstimar utført av undervisningspersonale	14242	Inkl. årstimar til oppgåver utanom undervisning
Årstimar gitt til ordinær undervisning	9091	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	3906	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	87/65	

<i>Læringsmiljø</i>		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Elevundersøkinga (Udir)	Eit trygt og utviklande læringsmiljø.	Elevundersøkinga viser reduksjon i mobbing, elevane trivst godt, elevane melder om god hjelp og støtte frå både lærarar og dei heime.
Oppfølging mål/tiltak frå prosjekt «Betre læringsmiljø»	Halde fram arbeidet med god klasseleiing.	Skulen arbeider medvite i høve til god klasseleiing og relasjonsarbeid og har eit fellesskap i kollegiet rundt utfordringane på dette området.
Anti-mobbearbeid (Zero- plan og miljøfremjande	Null-toleranse i høve til mobbing. Nytte alle høve til å minne om	ZERO-programmet sin handlingsplan hjelper oss både med førebygging og korleis me

arbeid)	Antimobbeprogrammet.	handterer eventuelle mobbesaker. Vi har eige årshjul for førebyggjande tiltak i ZERO-planen.
Trivselsprogrammet	Auka trivsel og aktivitet i frminutta.	TL-programmet har ført til auka fysisk aktivitet i friminutta, det har blitt mindre konflikter og elevane sjølv får øving i å leie aktivitetar. TI-programmet gir oss og innspel til ulike aktivitetar også i undervisninga.
Fysisk skulemiljø inne	Ha eit triveleg og forsvarleg innemiljø.	Ingen tiltak utanom nødvendig vedlikehaldsarbeid. Ein del utstillingar av elevarbeid har pynta fint opp. Skulen har i 2017 hatt tilsyn på inneklima og reinhald. Det skal gjennomførast måling av luftkvalitet i alle rom i løpet av hausten 2017
Fysisk skulemiljø ute	Ha eit triveleg og forsvarleg utemiljø som inspirerer til aktivitet.	Det har blitt gjennomført dreneringstiltak i deler av utearealet vårt slik at desse areala no kan nyttast på ein mykje betre måte. I tillegg har FAU bidratt med ny trelavo og båt i småskuleområdet.

Arbeid for å styrke eleven sitt læringsutbytte

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Undervegsvurdering	Gi elevane vurdering som er til hjelp i det vidare arbeidet og hjelpe dei å vurdere eige arbeid. Undervegsvurderinga skal også vere hjelp til tilpassa opplæring.	Undervegsvurderinga blir gitt i det daglege arbeidet i klassen, ved elevsamtalar og foreldresamtalar. Vi øver også elevane opp til eigenvurdering.
Sluttvurdering		Ikkje aktuelt.
Leksehjelp		Leksehjelp blir gitt til 1.-4.kl. i SFO tid.
Særskilt språkopplæring		Vi har elevar som får særskilt norskopplæring.
Spesialundervisning	Gi spesialundervisning til dei elevane som ikkje har forsvarleg utbytte av den ordinære opplæringa.	Vi legg vekt på tidleg innsats når det gjeld elevar som strevar enten med det faglege eller det sosiale eller begge delar. Frå 2016 er det gitt øyremerkte midlar frå dep til tidlig innsats 1.-4.trinn.Viktig tiltak!
Lokalt læreplanarbeid		Skulen har starta revisjon/oppdatering av lokale læreplanar.Målet er betre progresjon/kontinuitet og betre tilpassa opplæring. Dette skuleåret har det vore spesielt fokus på realfaga.
Realfagsprosjekt	Deltaking i prosjektet «realfagskommune».	Arbeid med å få prosjektet implemenert i heile personalet.Hadde intern planleggingsdag i februar med dette som fokus.Har hatt fleire utprøvningsprosjekt og lokal planlegging i høve til satsinga.
Lesing	Implementere ny lokal leseplan.	Lesing har vore eit prioritert område på Vestbygd over lang tid, og fekk også ein del idear/input i perioden vor som pilotskule for språkløyper.
Digital ferdigheit - Tileigne og behandle - Produsere og bearbeide - Kommunisere - Digital dømmekraft	Legge til rette for å bruke digitale verktøy og utvikle digitale ferdigheiter.	Etter at vi har fått auka kapasitet på maskiner, er dette blitt ein naturleg del av skulekvardagen.
Digitalt utstyr		Vi har fått 16 nye berbare elevpc'ar dette året slik at vi har

		rundt 50 totalt. I tillegg har vi 17 stasjonære pc'ar. Vi har starta utskifting av prosjektorar på dei eldste digitale tavlene.
--	--	---

Faglege resultat		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Nasjonale prøvar	Samanlikne i høve til fylkesnivå	Litt under gjennomsnittet for fylket.
Eksamen		
Grunnskulepoeng		

Kompetanseutvikling		
Tema	Etter- og vidareutdanning	Kommentar på korleis kompetanse ver brukt vidare
Leiar	Deltatt på Meland kommune sine kompetansehevingstiltak: kurs/konferansar. Vi har og vore representert på Utdanningsforbundet sine Leiarutviklingskurs.	
Pedagogar	Diverse kursing i Aktivitetar i Trivselsprogrammet, Visma, Livredning, Realfagsprosjektet. Elles har vi mykje kompetanse internt og ein god delekultur. Ein pedagog på vidareutdanning i matematikk.	
Andre tilsette	Diverse kurs innan spes.feltet/TL-aktivitetar/Livredning. Kurs i div IKT-verktøy og arkiv for merkantilt personale.	

Vurdering av andre område		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)		Vi har eit konstruktivt og godt samarbeid med dei ulike eksterne instansane. Skulle gjerne sett at PPT hadde større kapasitet til rettleiing/oppfølging.
Samarbeid heimskule (utviklingssamtalar og foreldremøte)		Vi har eit svært godt samarbeid med heimane. Foreldra er flinke til å støtta opp om skulen og skularbeidet.
Rådsorgan ved skulen.		Både FAU og SU er viktige organ for skulen. FAU har dei siste åra også overtatt 17. arrangementet ved skulen. Dei har ved fleire høve

		<p>kjøpt utstyr til Trivselsleiarprosjektet og andre tiltak som kjem elevane direkte til gode.</p> <p>Elles samarbeider vi om dei tradisjonelle julefestane, temakveldar, Turkveld i lokalmiljøet.</p>
Undervisning på alternativ opplæringsarena.		Vi kjøper tenester på Ypsøy kystgard, LOAS og Sætregården.

Skulefritidsordninga		
Tema	Mål/tiltak, aktivitet	Resultat/vurdering
Fysiske tilhøve		SFO har ikkje eigen avdeling, men nyttar vanlige klasserom. Det blir vist stor fleksibilitet både frå skule og SFO. Vi har også eit flott uteområde som SFO nyttar i stor grad.
Personalsituasjon		Vi har flinke tilsette som er med på å gi borna eit SFO.tilbod med høg kvalitet.
Samarbeid SFO og skule		Rektor og SFO-leiar har fast møtetid kvar veke der ein utvekslar informasjon og drøftar aktuelle problemstillingar. Dei fleste av våre assistentar på SFO arbeider også i skule.

Skulane sitt kontrollarbeid		
Tema for kontroll på skulen	Lovbrot	Tiltak
Områder klage (tema)	Antall	
Risikoområder	Tiltak	
Skulen hadde våren 2017 tilsyn frå Miljøretta helsevern på reinhald og inneklima.	Skal gjennomførast luftmålingar hausten 2017. dette vert gjort av tilsette ved Miljøretta helsevern.	

--	--	--

Dato: 17.10.17 Underskrift rektor: Rolf Inge Fyllingsnes